



Vatnet skvalpar inn på Sandakaaien ved 22.30-tida om måndagskvelden. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Rundt klokka 22.30 på måndagskvelden kom Hardangerfjorden inn på Sandakaaien! Ekstremsituasjonen med Oda som laga stormflo gjorde seg gjeldande også i Uskedalen. Då det var flo tirsdag føremiddag kom ikkje vatnet så høgt.**

- Men det har vore langt større flo før, sa lokalkjende som hugsar godt.
- Siste gongen var i 1997 og då kom vatnet heilt opp til den gamle butikkbygningen, kunne dei fortelja.

Denne gongen skalpa vatnet berre omkring ytterst på kaien etter at vassstanden hadde stege 60-70 centimeter over normalt nivå. Vatnet flomma også inn ved båtlaget sitt område og på jordene langs Uskedalselva. Også den sterke nedbøren bidreg i høgste gard i den sistnemnde området – elva er på veg til å bli flomdiger og vatnet frå fjorden møter vatnet frå elva.

Situasjonen som også vi opplevde hadde meir med astronomiske enn med lokale tilhøve å gjera. Ein fekk den sjeldne konstallasjonen at solen, månen og planetene var i ein posisjon som fekk dei til å trekkje i same retning. Kombinert med lågt trykk oog sterk vind frå den mest ugunstige vindretningen laga dette ein situasjon som plar inntreffe rundt kvart tiande år. Men den var ein liknande situasjon for bere to år sidan, seier meteorologane.

Av Ola Matti Mathisen